


Helsenorge.no

Helsenorge.no er ein nettstad kor du finn mykje informasjon om helse og livstil, sjukdom og diagnoser. Du kan søke på alt mogleg frå kviser, kjønnsjukdommar, trening og diabetes til meir alvorlege sjukdommar som for eksempel livmorhalskreft eller depresjon. Informasjonen du finn på helsenorge.no er alltid kvalitetssikra og oppdatert, og er laga for å gi deg generell kunnskap. Det er ikkje ei erstatning for undersøking eller behandling hos lege. Er du sjuk eller treng medisinsk hjelp av andre grunnar, bør du oppsøke fastlegen din.


Kva er Min helse?

Min helse er eit lukka område på helsenorge.no, som du kan få tilgang til ved å logge deg inn (les meir om korleis du logger deg inn nedst på sida). Her kan du få tilgang til teneste som hjelper deg å følgje opp di eiga helse:



Informasjon om timeavtalar du har på sjukehuset

Dato og klokkeslett for timen, samt kor du skal møte. Det står også namn på legen du skal møte.



Status på tilvisingar

Er tilvisinga di vurdert? Har du fått ein time?



Oversikt over helsekontaktane dine

Namn på fastlegen din og på kontaktlegen din på sjukehuset.



Innkallingsbrev frå sjukehuset

Her står det blant anna korleis du skal førebu deg til timen.



Oversikt over reseptane dine
Både dei du har henta ut, og dei du enno ikkje har henta ut.

Korleis loggar du inn på Min helse på helsenorge.no?

For å logge inn på Min helse treng du Bank-ID, Bank-ID på mobil eller Buypass ID. Bank-ID og Bank-ID på mobil er det billigaste. Det får du gratis av banken din, om du er over 15 år. Er du under 15 år, kan du frå 2018 få Buypass ID gjennom sjukehuset. Det kjem oppdatert informasjon om korleis du bestiller Buypass ID via Helse Bergen sin avtale.

Om noko ikkje verkar

Om det er noko feil med løysinga eller du ikkje får til å logge deg inn, kan du kontakte Kundesenteret i Helse Vest IKT på telefon 55 97 65 40. Dei har opent heile døgnet, alle dagane i veka.

NB! Har du spørsmål om noko knytt til timen din eller reseptane dine, må du kontakte sjukehuset ditt.